



Arkivsaknr: 2025/240-2
Sakshandsamar: Mari Emilie Pettersen
Hagenlund
Avdeling: Landbruk

SAKSFRAMLEGG

Saksframlegg- Revidert kommunal målsetning for hjort 2025-2030

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at Alver kommune sender revidert kommunal målsetning for hjorteforvaltning for perioden 2025-2030 på høyring, jf. vedlagte dokumentasjon og tilhøyrande vurderingar.

Vedlegg

1 Måldokument_Revidert kommunal målsetting for hjort 2025-2030-05.02.25

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for areal, plan og miljø

Saka skal avgjerast i utval for areal, plan og miljø

Saka gjeld

Saka omhandlar vedtak om å sende revidert kommunal målsetning for hjorteforvaltning i Alver kommune for perioden 2025-2030 på høyring basert på prinsipp om økosystembasert og berekraftig forvaltning. Den nye målsettinga legg vekt på å balansere hjortebestanden i tråd med berekraftige prinsipp, betre integreringa av føre-var-prinsippet, redusere skadeomfanget på jord- og skogbruk, og ivareta økologisk mangfald. Forvaltning av hjortevilt er ein vital del av landskapsforvaltninga og har fundamental innverknad på vår evne til å handtere endringar i klima, biodiversitetstap og karbonfangst i framtida.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Ved revisjon av viltlova i 2002 og innføring av forskrift om forvaltning av hjortevilt vart meir av forvaltningsansvaret for hjortevilt overført til kommunane. Eit auka forvaltningsansvar inneber at kommunane må tydeleggjera forvaltningsmåla sine, og iverksette tiltak for å nå desse måla. Det lokale nivået har fått betydeleg meir ansvar og handlingsrom. Det vil sei at kommunane har fått eit ansvar for å forvalte viltbestanden slik at den held seg sunn og produktiv, og etterfølgande kan haustast til inntekt for jaktrettshavarar og til gode for friluftsfolk. Forvaltningsansvaret inneber at kommunen må sørge for å avpassa storleiken på viltbestanden i høve til dei skader og ulemper viltet kan påføre grunneigar og samfunnet.

Alver kommune registrerte i 2020 auka bestandstettheit av hjort, redusert kondisjon og betydelege skadar på jord- og skogbruk. Dette har ført til behov for ein heilskapleg og tilpassa strategi for hjorteforvaltning der bestandsstørrelse skal tilpassast akseptabelt skadenivå på naturmangfald, skog- og jordbruk.

Den kommunale målsetting for hjort frå 2021 var spesifikt målretta for å iverksette ekstraordinære, kortsiktige tiltak for å redusere bestanden då skadar forårsaka av hjort radikalt påverka landbruksnæringas økonomiske framtid.

Forvaltninga av hjort i Alver kommune skal sikre at statistikk, forskning og monitering bidrar til implementering av nasjonale og globale sosiale, økonomiske, biologiske og klimatiske utfordringar i hjorteforvaltninga. Hjortebestanden skal være balansert med omsyn til lokalt kulturlandskap og endring i landskapsstruktur. Dette for å sikre omstilling, handlingsrom og endringsmoglegheter avhengig av nasjonale retningslinjer. Målsettinga skal bidra til realisering av nasjonale visjonar, strategiar og mål samtidig med oppfylling av nasjonale forpliktingar for hjorteviltforvaltninga.

Målsettinga byggjar på ei holistisk orientert tilgang til forvaltning av hjort og balansering mellom landbruksinteresser, naturbeskyttelse og betre dyrevelferd. Hjorteforvaltninga er oppbygt etter at forvaltninga skal være lokal, adaptiv og økosystembasert.

Målet i den nye målsettinga har vert å legge større vekt på handlingsdelen og forbetre verktøyet i den praktiske forvaltninga. Viktigast har vert å samle det relevante stoffet i eit overordna kortfatta målsettingsdokument. Målsettinga skal optimere berekraft i den lokale forvaltning av hjort ved tilpassing av hjortepopulasjonen sin storleik utifrå fastsette toleranseverdiar for skadar i landbruk og på natur samt ønskja utviklingsretning for disse.

Hovudfokus er stadig å oppnå ei positiv utvikling i hjortebestandens kondisjon, hanndyras alder og reproduksjonsgrad i bestanden. Som ledd i dette introduserast kvalitetsnormer for uttak og den levande bestand etter jaktseong. Dette er meint som eit supplement til den vanlege løyvetildeling og skal fungere som eit styringsreiskap til faglege kvalitetssikringsrutinar for jegerar og hjortevald. Det er vektlagt at kvalitetsnormer og anbefalingar for aldersklasse, samt selektive avskytingsprinsipp for hanndyr direkte kan integrerast i det praktiske uttak av hjort.

Dei kommunale måla skal fungere som tydelege retningslinjer for jaktrettshavere som ønskjer å bidra i bestandsforvaltninga, og måla legg føringar for bestandsplanane utarbeida av jaktrettighetshavarne.

Hovudretningslinjer og prinsipp

Hanndyr

Det skal gjennom uttaket sikrast at delen av bukk og spesielt delen av fysisk utvaksne hanndyr (6-14 år) i bestanden er tilstrekkeleg slik at deira essensielle økologiske rolle i brunsten optimerast. Forvaltninga skal framprovosere at dominante bukkar vandrar til andre område enn der dei er født for genetisk utveksling. Bukkane skal naturleg opprette flokkar utanom brunsten. Brunstmortalitet er uttrykk for naturleg brunstkonkurranse.

Hoddyr

Hovudfokus er å bevare modne produksjonskoller i bestanden og redusere, samt kvalitetssikre rekrutteringa mellom aldersklassene: kalv/ fjorkolle, fjorkolle/ ungkolle og ungkolle/ utvaksen kolle. Disiplinert jegerselektivitet skal forbetre reproduksjonsgraden hos fjorkoller gjennom høgt uttak av kalv/ hokalv. Rekruttering av fjorkoller til produksjonsapparatet skal vere lågt for å fasthalda produksjonen på hovudsakeleg utvaksne dyr. Det er eit klart mål at vårbestanden så langt det er råd skal bestå av individ som aktivt er i produksjon eller individ med så god kvalitet at dei kan gå inn i produksjonen.

Jordbruk

Forvaltninga av hjort skal oppnå ei haldbar balanse mellom den lokale bestandens størrelse, jordbrukets produktivitet og økonomisk drivverdigheit. Det skal sikrast at jordbrukseigedomars driftsformål og ønskja fleirsidigheit i drifta kan nåes på kort og lang sikt.

Skogbruk

Tilpassing av bestandstettheita av hjort på lokalt nivå skal sikre ei klimatilpassa og berekraftig skogbruksforvaltning med lokal og nasjonal verdiskaping, utviklingsmoglegheiter for biologisk mangfald i produksjonsskog og omsyn til samfunnsinteresser. Fokus er å sikre ein klimabidragande, kostnadseffektiv og langsiktig levering av bygningstømmer med høy substitusjonsverdi. Forvaltninga av hjort i Alver kommune skal kunne fastholde det produktive areal for skogsmark og tilpassast etter det kraftig aukande foryngingsareal og registrerte nivå av skade på skog under oppvekst.

Naturmangfald

Beitetrykket av hjort skal styres slik at naturskog, urskog, vestnorsk regnskog og nøkkelbiotopar bevara deira naturlege struktur, artsdiversitet og økologiske utvikling. I verneområde, naturreservat og i omsynssonar skal bevaringsmål og forvaltingstiltak for disse, være medbestemmande for hjorteforvaltninga. Bestanden av hjort må ikkje negativt influere på oppnåing av desse områdas forvaltningsmål.

Påkøyrslar

Alver kommune skal redusere omfang av viltpåkøyrslar gjennom aktiv iverksetting av ulykkesførebyggjande tiltak gjennom blant anna lokal reduksjon av hjortebestanden i område med uakseptabelt nivå av påkøyrslar.

Sakshistorikk

Den noverande kommunale målsetting for hjortevilt vart sendt på høyring med frist 24.05.2021 til alle hjortevald leiarar i Alver kommune, lokale bondelag, Nordhordland skogeigarlag, Nordhordland Jakt og Fiskelag og Nordhordland Naturvernforbund. Det kom inn 10 uttalar frå relevante aktørar som hjortevaldsleiarar, bønder og naturvernforbund. Hovudvekta av innspela peika på auke i bestanden av hjort og ønske om bestandsreduksjon. Dette med omsyn til skadeomfang på grasproduksjonsareal, som vert opplevd som direkte trussel mot økonomisk drivverdig jordbruk og lokal utvikling i jordbruket samt omfattande beiteskadar i skogbruk. Flest uttaler vart motteke frå interessentar som var direkte økonomisk påverka av hjort i deira bedrift.

Etter den kommunale målsettinga vart vedtatt vart det utført eit 3 års reduksjon- og demografisk forbetrande avskytingprosjekt.

Behov

Vurderingsgrunnlag

- Lov om jakt og fangst av vilt (Viltlova): «Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevaras. Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv».
- Lov om forvaltning av naturens mangfald (Naturmangfaldsloven): «Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur»
- Naturmangfaldsloven kapittel II. Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk: «Det følger av naturmangfoldloven § 7 at de miljørettslige prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet. De miljørettslige prinsippene omfatter kunnskapsgrunnlaget (§ 8), føre-var-prinsippet (§9), prinsippet om økosystemtilnærming og samlet belastning (§ 10), prinsippet om at kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver (§ 11) og prinsippet om miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder (§ 12)».
- Lov om skogbruk (Skoglova): «Denne lova har til formål å fremme ei bærekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske

mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen». «§9 Der beiting av hjortevilt fører til vesentlege skadar på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge skog etter § 6 i denne lova, skal kommunen som viltorgan vurdere om det er behov for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert».

- **Lov om jord (Jordlova):** *«Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter».*
- **Dyrevelferdsloven:** *«Forvaltning av dyr skal skje med respekt for dyret sin eigenart. Dyrevelferd er m.a. å sjå på moglegheita hjorten har til å utøve artsspesifikk, naturleg åtferd og utfolde det biologiske potensialet sitt. Når dyrevelferd skal vurderast for ei gruppe dyr, må det rettast spesiell merksemd mot «taparane», dei individa som kjem dårlegast ut».*
- **Naturavtalen – Kunming Montreal:**
 1. *«AREALFORVALTNING MED NATUREN I SENTRUM - Alle arealer skal forvaltes på en måte som sikrer naturen, og at områder som har stor betydning for naturmangfold, ikke går tapt.*
 2. *30 PROSENT RESTAURERING - Minst 30 prosent av ødelagte og skadede naturområder skal være under restaurering.*
 3. *30 PROSENT VERN OG BEVARING - Minst 30 prosent av alle land- og havområder skal bevares og beskyttes mot skadelig påvirkning fra menneskelig aktivitet. Områdene som vernes, skal dekke alle naturtyper, og de skal henge godt sammen. I slike områder skal kun aktivitet som er i overensstemmelse med verneformålet, være tillatt.*
 4. *STANS I UTRYDDELSE AV ARTER - Forhindre at mennesker utrydder arter, og la truede arter bygge seg opp igjen til livskraftige nivåer. Sikre genetisk mangfold innen bestander. Forhindre konflikter mellom mennesker og ville dyr, og sikre sameksistens.*
 5. *HØSTING OG BRUK AV VILLE ARTER - Sikre at bruk, høsting og handel med ville arter er bærekraftig, trygt og lovlig for å motvirke overhøsting, minimere konsekvenser for andre arter og annen natur, og redusere sykdomsspredning».*
- **Forskrift om hjortevilt:** *«Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser».*
- **Kommuneplanens samfunnsdel:** *«Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap og friluftsområde. Vi skal ta vare på biologisk mangfald, og ha eit sterkt jordvern, og aktivt forvalte verdifulle område», «Alver kommune skal leggje til rette for eit aktivt skogbruk».*
- **Melding om Kystskogbruket 2022:** *Kystskogbruket er eit samarbeid mellom fylkeskommunane, statsforvalterne og skog- og trenæringa i kystfylka frå Agder til Finnmark som skal løyse ut potensialet i skog- og trenæringa langs kysten. Her nemnast at skog- og trenæringa er sentral i alle samanhengar der tiltak for betre klima og berekraft drøftast for å levere på FN's berekraftsmål. Kystskogbruket er ein avgjerande bidragsytar for å oppnå berekraftsmåla og det grønne skiftet. Målsettinga i meldinga er blant anna Klimabidrag og skogproduksjon og har som mål å bidra til å redusere ungskoghogst, plante klimaskog på gjengroingsareal, auke skogplanting etter hogst, auke skogproduksjon, redusere avskoging og styrke skog og trenæringas posisjon i klimadebatten.*
- **Klima i endring – Saman for et klimarobust samfunn, Meld. ST 26 (2022-2023).** *«Det finnes flere skogskjøtselstiltak som gjør skogen mer robust i møte med klimaendringene og forebygger*

skogskader. Klimaendringene gjør det blant annet nødvendig å vurdere å skifte treslag, eller etablere blandingsskog på steder der dagens treslag viser tegn til at de ikke er tilpasset klimaet eller der eksisterende skog trues av klimarelaterte skogskader».

- Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmogleighetene i jordbruket, Meld. St. 11 (2023–2024) «Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer i Noreg».

I tillegg må nemnast komande nasjonale føringar:

Naturmeldinga - Handlingsplan for naturmangfald – Meld. ST 35 (2023-2024)

Berekraftig bruk og bevaring av natur – handlingsplan for naturmangfald.

Retning for Norges arbeid med naturforvaltning og naturmangfald i langsiktig perspektiv. Skal sikre berekraftig forvaltning av naturmangfald. Kommunane er nøkkelfaktorar. Fokus er å auke innsatsen for naturrestaurering for å oppnå betre tilstand i økosystema. Regjeringa legg til rette for ein forbetra økologisk tilstand i skogbruket innan 2050. Indikasjon for retning imot betre økologisk tilstand i produktiv skog relatert til Alver kommune er: auke lauvtreinnblanding i barskog, auke innslag av edellauvtrær, auke mengde ROS artar, auke areal med biologisk gamal skog, auke mengde død ved, auke areal av fleirsjikta, fleiraldra skog, auke blåbærdekning, auke av areal og ivaretaking av økologisk funksjon i kantsoner ved hogst, samt hindre utrydding og betre utvikling for trua artar og naturtypar (nøkkelbiotop).

Avskogingsforordninga 2023/1115 (EUDR) skal bidra til å minimere EUs globale bidrag til avskoging og skogforringing, og redusere EUs bidrag til klimagassutslipp og tap av biologisk mangfald globalt.

LULUCF-forordninga (Land Use, Land-Use Change and Forestry (EU) 2018/841). Den forsterka LULUCF-forordninga fastsett eit mål om å auke det samla nettoopptaket i skog- og arealbrukssektoren i EU til 310 millionar tonn CO₂-ekvivalenter innan 2030.

Vurdering

Hjortebestanden

Hjortebestanden er overvaka og dokumentert for Vestland sidan starten på 90-talet gjennom det nasjonale bestandsovervakings-programmet leia av Norsk institutt for naturforskning (NINA).

Hjortestammen har auka jamt og er no rekordstor. Kondisjonen har falle og slaktevektene har gått ned 10-15 %. Fruktharheita har også gått ned. Delen av koller på 1,5 år som får kalv etterfølgande år, har gått ned meir enn 80 %.

Eit langvarig, høgt jakttrykk på bukk har resultert i lågare snittalder for hanndyra og bestandar med skeiv kjønnsbalanse. Situasjonen er uendra dei siste 10-15 åra, sjølv om dei fleste kommunar har mål om å auke snittalderen. Dei fleste bukkane var skotne innan dei vart 5 år gamle. Berre 1 % av bukkane vart eldre enn 8 år. Frå felt vilt-statistikken finn vi at bukk 10 år og eldre utgjør 6 promille av dei felte dyra dei siste 10 åra i Vestland. Bukk eldre enn 12 år utgjør mindre enn 4 promille.

Utviklinga i Alver kommune har vert samanliknbare. Gjennomføring av dei ekstraordinære kortsiktige tiltak for å redusere bestanden, igangsett grunna den kommunale målsetting for hjort frå 2021, har resultert i redusert bestandstettheit i fleire områda av Alver kommune. Samtidig er det tendens til ein balansert kjønssamansetting i bestanden, uttaksnivåa er over reproduksjonen og uttaksnivåa av hanndyr har blitt redusert.

Til tross for redusert bestand er den generelle trenden i bestandskondisjon framleis ikkje i endring. Det er innmeldingar om at fleire bukk vert observert, og ein del vert også eldre, men den relative delen av vaksen bukk er framleis marginal. Det er ingen markant registrering av auka innslag av fysisk utvaksne hanndyr i uttaket eller positiv utvikling i vekt hos kalvar samt ungdyr. Slaktevekt for kalv og fjordyr er stadig på eit historisk lavt nivå.

Dei fleste hjortepopulasjonar reagerer ved aukande bestandstettheit automatisk med ei tettheits depresjon når den tilgjengelege fôrressurs er begrensande for bestandens utvikling. Dette ved redusert reproduksjon internt i bestanden, ved auka alder ved første kalv og auka frekvens av hodyr som ikkje tar kalv. Omfattande reduksjon av bestandstørrelse leder ofte til ein framprovosering av auka reproduksjonsrate som på sikt vil gje ein auke i populasjonsvekst om den ikkje blir kontrollert. Berekraftig forvaltning av ein hjortepopulasjon vil såleis krevje at uttaket blir oppretthaldt etter kvart som populasjonen utviklar seg og at uttaka adaptivt blir justert.

Å snu trenden frå minkande vektor til å verte aukande er noko som tek tid og kan ikkje forventast innan ein 3 års periode. Ein kan ikkje sei at målet om auka vektor er nådd, men ein er truleg på veg mot det om ein held fram med ein stor del av jaktuttaket på kalvar og ungdyr samt fortsette arbeidet for å auke snittalderen blant hanndyr. Effektane av desse prosessane kan være små og til dels svakt dokumentert så høg del bukk – bukkealder inneber eit føre-var prinsipp.


Slaktevektor kan allereie rutinemessig samlast inn via sett/ skutt systemet. Kommunen har gjennom fleire år oppmoda til bruk av det elektroniske sett/ skutt hjort program. Innrapporterte slaktevektor i Alver kommune opplever ei positiv trend. Som ledd i den kunnskapsbaserte hjorteforvaltning pålegg kommunen no at jaktrettshavere skal nytte Hjorteviltregisteret (heimla i hjorteviltforskrifta § 32 -33) og fortrinnsvis dei elektroniske løysningane for oppfølging av jakta og registrering av data for sett hjort, felt hjort og veide slaktevektor.

Med bakgrunn i formålet til naturmangfaldlova, viltlova, dyrevelferdslova og forvaltningsansvaret er utviklinga i bestanden tvilsamt i tråd med lovverket. Det er høg risiko for at brunstseleksjon som økologisk prosess er påverka negativt av dagens alderssamansetting. Samtidig er det bekymrande at moglegheita for hjorten til å utøve artsspesifikk, naturleg dagsaktiv åtferd i jaktseasonen verker svært redusert.

Skogbruk

Skogressursen i Alver gir eit inntektsgrunnlag til rettighetshavar ved at ein kan produsere og selje tømmer, og ved at ein får inntekt frå jakt på hjortevilt (til dømes gjennom jaktsal og tilhøyrande tenester). Hjort bidreg samstundes til skadar på skog ved at dei beiter på unge tre, samt skadar vaksne tre ved borknag. Jo høgare bestandstettheit, desto høgare kan ein forvente at skadane på skogen blir. Rettighetshavarar skal avvege situasjonar mellom høg hjortetettheit (med høge jaktinntekter og store skogsskadar) og låg hjortevilttettheit (med låge jaktinntekter og redusert skada på skog).

Alver kommune har den dårlegaste forynginga i Norge, og i gjennomsnitt dei siste 10 åra har kun 22% av hogstarealet blitt tilfredsstillande forynga. Dette medfører eit tap på 78% produksjonsskogareal kvart år. I gjennomsnitt har Alver eit beitetrykk på 20-30 % på unge plantar, nokre stader opp til 67 % og borknag på ungskog på 8-32% registrert i 2021. Denne situasjonen med veldig dårleg forynging av skog, avskoging og registrerte omfattande borknag synar at berekraftig forvaltning av skogressursen i Alver kommune er under press. Dette kan kun løysast i samarbeid med skogeigarar som tar ansvar for den aktive del av hjorteforvaltninga og kommunen som skal gje moglegheit til å fortsette det auka uttaket.



Figur 1. Gjennomsnittlig beitepress i prosent (± 2 SE) per år frå hjort på unge granplantar.

For stort skadenivå av hjort ble nettopp poengtert som den verste trussel mot skogdrift i Alver kommune under sakshandsaminga av hogstmeldingar. Økonomisk påverkast skogeigar gjennom produksjonsreduksjon og kvalitetstap. Beiting av hjort/barknag har sterk innflytelse på kvalitet av tømmer, reduserer tilvekst og gir mindre motstandsdyktige planter.

Dei nasjonale føringar i Naturmeldinga, med tilknytt indikasjonar for retning mot betre økologisk tilstand i produktiv skog, vurderast vanskeleg å oppfylle med dagens nivå av beitepress på planta gran og bestandsstørrelsen av hjort Alver kommune.

Hovuddelen av skogen som vert avverka i Alver kommune i dag vart etablert og vaks opp i ein periode då hjortebestanden i området var låg, og dermed med lågt skadeomfang frå

hjort. Dei noverande skadane på skog forårsaka av hjort vil først kome til uttrykk i framtida når skogen vert avverka. Administrasjonen vurderer at resultata frå registreringar synar at hjort på sikt kan utgjere ei trussel mot foryngingsplikta og ein tilfredsstillande del kvalitetstømmer i uttaket i 2. tregenerasjon. Det er no registrert unge granbestand i Alver kommune med 100% borggnag.

Jordbruk


LNF områda i Alver kommune ligger sprett og fragmentert. Det er kort distanse mellom utmarks-, produksjonsskog- samt grasproduksjonsareal. Områda aust for Ostereidet mot Masfjordnes og Modalen kommune har meir naturskogsareal og fjellareal. Jordbruket ligger her konsentrert i mindre samanhengande områda og kan betre forsvare seg mot skadar frå hjort. Den massive pågåande hogst av skog i resten av Alver kommune endrar heile tiden hjortens bruk av landskapet både med omsyn til dekning men ikkje minst at fôrverdien i skogen endrast grunna massive forynging- og omlegging til innmarksbeiteareal. Det er eit uttalt nasjonalt mål at norsk matproduksjon skal aukast for å sikre framtidig matforsyning og matberedskap. Samtidig skal utnyttinga og produksjonen av norsk produsert protein til husdyrfôr aukast.

Avlingstapa varierer med bestandstettleik av hjort, engalder, timotei-innhald og korleis enga ligg i høve til skog og utmark. Ung eng har størst risiko for sterkt- og svært sterkt skadenivå. Med låg beite kvalitet i utmark, vert engareal og innmarksbeite ein viktig del av hjorten sitt beitegrunnlag i store delar av året.

Administrasjonen har i seinsommaren 2024 iverksett geografisk registrering av avlingsskade frå hjort på grasproduksjonsareala gjennom frivillig spørjeskjema undersøking til alle produksjonstilskot mottakende bønder i kommunen. Dette for å få betre overblikk over den reelle økonomiske belastning av beiteskadar av hjort i det lokale jordbruk, skadetidspunkt, vurdering av aktuelt bestandsnivå, akseptabelt avlingstapsnivå og inntekt frå sal av hjortejakt/ hjortekjøtt. Administrasjonen sendte spørjeskjema til rundt 500 bønder i Alver kommune og 133 svarte. Dei 133 aktive bønder har rundt kr. 1,1 mill. samanlagt i beiteskadar årsaka av hjort. 5 bønder melder dei har inntekt frå sal av hjortejakt/ hjortekjøtt med samla inntening kr. 31.000


57% av dei bønder som svarte på spørjeundersøkinga meiner at bestanden av hjort er for høg og må reduserast ytterlegare. Av dei bønder som er fornøgd med bestandstørrelsen eller meiner bestanden er for låg har 88% enten ingen skade av betydning eller mindre avlingsskadar (opp til kr. 5.000).

● Eg synes at hjortebestanden er for høg og må reduserast ytterlegare	74
● Eg er fornøgd med bestanden slik den er i dag og meiner det er god balanse mellom talet på hjort og...	49
● Eg synes at hjortebestanden er for låg og må aukast	7



På gardsbruksnivå har 17% vurdert beiteskade over kr. 10.000. Gjennomsnittleg økonomisk skade for gardsbruk med skada over kr. 10.000 er kr. 295/ daa.

● Har ikkje hatt avlingsskade av hjort av betydning	43
● Mindre avlingsskader (opp til 5 000 kr)	34
● Vesentlige avlingsskader (5 000 -10 000 kr)	39
● Store avlingsskader (over 10 000 kr)	24
● Veit ikkje	5



Akseptabelt nivå av økonomisk beiteskade av hjort er gjennomsnittleg kr. 74/ daa utifrå innmeldingar.

Naturmangfald


Hjorten er ein økologisk nøkkelart gjennom påverknad av plantesamfunn og funksjon av økosystemet. Det er lite som tyder på at store hjorteviltbestandar åleine er årsaka til at nokre artar er truga. Dei generelle tiltaka i hjorteforvaltninga skal likevel bidra til generelt mindre negativ påverknad av sensitive økosystem av hjortevilt. Fleire av hjortens positive påverknader på biologisk mangfald forsvinn når hjorten finst i bestandsstorleikar som ikkje er tilpassa omgjevnadene sine naturlege fôrressursar. Overbeiting kan lokalt føre til forringa oppvekst av lauvtreartar, heriblant ROS-artar (rogn, osp, selje/vier), og dei artane som er avhengige av desse vertsplantene. Hjortens økosystemtenester omfattar også frøspreiing samt hjortens møkk og kadaver utgjer leveområde og næringskjelder for ei rekke dyre- og sopparter som er tilpassa det spesifikke miljøet. Sølegrøftar har òg ein positiv verknad på artsrikdomen og tal insekt i nærmiljøet.

Hjortens økosystemeffekt er avhengig av bestandstettleiken og det er allment akseptert at det er ein positiv samanheng mellom beiting av hjort og innverknad på vegetasjonen i utmark ved lav til moderat beitetrykk av hjort.

Tiltak for å avgrensa skadeomfang tek difor som regel sikte på å begrense eller senke bestandstettleiken av hjort. Imidlertid viser det seg at hjortetettleiken ofte er berre ein av fleire faktorar som påverkar skadefrekvensen, og tettleiken kan også vera underordna andre

faktorar. Tilgangen på beite vert ofte påverka av skogstruktur og plantediversitet. Ein generell auke i beitetilgjengelegheita på landskapsnivå kan redusera skadenivå. Eksempelvis kan tilgangen på blåbær redusere skadane på skogbestand. Tilgjenge av blåbær vert imidlertid påverka av skogbruket sjølv og av habitatsamansetjinga.

ROS-artar er av føretrekte beiteslag for hjort, og beitepresset lokalt og regionalt på desse artane kan vera stort, særleg i vinterbeiteområde der tettleiken av hjort er stor. Det kan føra til vanskar med normal tilvekst av ROS-artar, noko som stadvis er registrert.



Landskogtaksering 2015-2019 (5 års omdreiingar) – Beiting av hjort på ROS arter (Rogn, osp, selje/ vier).

I tillegg til sterk beiting på ROS -artar, på vanlege edellauvtre mellom anna ask, er beiting på barlind, alm, kristtorn og andre sjeldne treslag så sterk i hjortetette område at forynginga av edellauv/ lauvtre vert kraftig redusert.

Blåbærlyng er ei plante som har stor utbreiing, og som er ei ettertrakta beiteplante av hjort. I furuskog på Svanøy fant ein at produksjonen og dekningsgraden av blåbær vart negativt påverka av sterk hjortebeting. I ei gransking av forynging av barlind på Vestlandet gjort i 19 naturreservat og landskapsvernområde, vart det funne i halvparten av lokalitetane at beitinga av hjort førte til utilstrekkeleg forynging av barlind.

Hjorteviltforvaltninga er klart kobla til og underordna naturmangfaldlova og skal bli utøvt i samsvar med denne. Forvaltningsprinsippa i kapittel II i naturmangfaldslova skal danne grunnlag for forvaltninga av hjort. Målet er at artane og det genetiske mangfaldet deira blir ivareteke på lang sikt, og at artane finst i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet, blir også artenes økologiske funksjonsområde og dei øvrige økologiske føresetnadene dei er avhengige av, ivaretekne.

Når det blir gjort ein avgjerd utan at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva verknader den kan ha for naturmiljøet, skal det takast sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Ligg det føre ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunnlag for å utsetje eller unnlate å gjere forvaltningstiltak.

Per nå eksisterer det ikkje statistikk som synar konkrete tal for hjortens negative påverking på naturmangfaldet i Alver kommune. Forsking synar at den aukande bestanden av hjort påverkar truga natur i mange delar av Vestland. Det må derfor understrekast at vi manglar kunnskap om kva som er optimale tettleikar av hjortedyr med omsyn til beitepåverknadens samla innverknad på biomangfaldet, og om mogleg terskelverdiar for kritiske bestandsstorleikar i høve til effektar på biomangfaldet i norsk skog.

I forskingsmiljøet er det bred einigheit om at føre-var prinsippet vil medføre at hjortebestanden raskt må reduserast til det nivået den var på 90-tallet.


Påkøysler

Trafikkhendingar er ikkje åleine styrt av hjortens bestandsstørrelse, men òg trafikkmengd, fartsgrenser, vêrforhold, arealbruksendringar og utbygging av infrastruktur vil ha betydning for årsvariasjon i viltpåkjørselstatistikken.

Ein reduksjon av hjortebestanden vil naturleg teoretisk bety redusert tall hendingar der vilt kryssar veg. Utfordringa er at gjenværande dyr framleis vil trekkast mot dei mest attraktive beite- og opphaldsområda. Det er ikkje sjølvstyk at ein reduksjon av totalbestanden innan eit større område, eksempelvis heile Alver kommune, vil løyse dei lokale problema. Markant lokal reduksjon av stasjonære dyr i område der hjortens trekkmonster mellom leveområde i skogen og beiteområde på innmark fører til auka sannsynlegheit for kryssing av veg av hjort kan ha effekt. Hardt lokalt jakttrykk kan endre hjortens trekkmonstre og gjere det spesifikke beiteområde mindre interessant for hjorten.

Konkrete ulykkesforebyggande tiltak langs dei mest utsette vegstrekningane, eksempelvis bygging av viltgjerdar med tilrettelagte kryssingspunkt, eller etablering av funksjonelle over-/undergangar er både kostbare og inngripande tiltak. Omfattande siktrydding langs ulykkesutsette område vil bidra til å auke trafikantanes moglegheit til å observere dyr i nærheita av vegbanen. Fleire studiar viser til betydeleg reduksjon i ulykkesfrekvensen som følgje av slik innsats.

Påkøysler av hjortevilt har negative konsekvensar for dyrevelferd, trafiksikkerheit og samfunnsøkonomi. Norge har ikkje gjennomført ein heilheitlig samfunnsøkonomisk analyse av kostnadane ved dyrepåkøysler på veg. I Sverige ble kostnadane for påkøysler med elg, hjort, rådyr og villsvin (68.000 påkøysler) i 2023 anslått til 10 milliardar svenske kroner årleg. I Norge var det 14.250 påkjørsler av hjortevilt. Ut frå erfaringstall frå Sverige vert det vurdert at samfunnsøkonomisk kostnad pr påkjørsel av hjort er kr. 40.000.



Tal påkøyrslar og kostnad i millionar NOK frå 2016 – 2024 i Alver kommune.


Samfunnsnytte og verdi av hjortejakt og hjortebestand for grunneigar og jegarar

Populasjonar av hjortevilt utgjer ein potensiell inntektskjelde for grunneigarar gjennom sal av kjøtt eller jaktrettigheter, der tilleggsinntekter som hytteutleige/ guiding generelt representerer ein moderat inntekt. Jegerane er oftast personer frå nærmiljøet, grunneigars familie/ venner og jaktutøvelse er ofte en sosial begivenhet. Jegeranes viktigaste motivasjon for å jakte hjort er spenningen, det sosiale fellesskapet, naturopplevinger, fysisk aktivitet, rekreasjon og tilgang til hjortekjøtt. Hjort har samtidig også rekreativ verdi som naturopplevelse for offentligheten.

Det tradisjonelle målet på ein aktivitet som hjortejakt, er markedsverdien av jakta. Markedsverdien kan representeres ved hva det koster å jakte (jegerens utgifter) eller verdien av jaktutbyttet i form av hjortekjøtt og/ eller trofe. Verdien for jегaren er ein bruttojaktverdi da denne verdi ikkje inkluderar kostnader for skadar på landbruk og trafikkproblem.

Svakheita ved eit markedsbasert verdimål er at det ikkje fangar opp at hjortejakta gir hjortejegerane større glede enn utgiftene dei har ved å jakte. Rekreasjonsverdien knytt til vilt og jakt kan for mange rettighetshavarar være større enn den økonomiske/ næringsmessige motivasjonen og -verdien. Eit lågare uttak som følgje av redusert bestand er ikkje direkte relatert til at den sosiale og helsemessige verdi/ element vert kraftig redusert eller direkte forsvinn.

Grunneigars akseptens av skadar på jord- og skogbruk kan relaterast til verdien av jakt og kjøtt for den enkelte grunneigar. Hos grunneigarar som både er jegar og bonde kan det sjå ut til at smertegrense for nivå av skada er høgare grunna annan verdsetting av hjortejakt. Ein stor bestand er for grunneigarar som ikkje driv gardsbruket ein gevinst, men kan negativt påverke andre samfunnsinteresser som mangfald og tall påkøyrslar negativt samt auke nivå av skada på nabo gardsbruk som driver aktivt. For grunneigarar med lite beiteskadar og bra med hjort om hausten kan det også være lønnsamt med høgare hjortebestand.




Illustrasjon av optimal produksjon av tømmer og hjort der rettighetshaveren ikkje får så store inntekter frå jakta.

For å illustrere poenget er det nyttig å sjå for seg at man har ein tilpasning til venstre for det optimale punktet. I dette tilfellet vil rettighetshavars totale overskot aukast av at hjortevilttettheten auker (fordi inntektsøkninga er høgare enn kostnadsøkninga). I motsett fall (til høgre for den optimale produksjonen) vil ein reduksjon i hjortevilttettheten auke rettighetshavarens overskot (fordi kostnadsreduksjonen er større enn inntektsreduksjonen).

Ein spesielt viktig utfordring i vurderinga rundt den optimale produksjonen er at hjorten lever og ferdes over større geografiske områda og med tidsmessig variasjon. Sett i samanheng med landbrukseigedomane sine store arealbruksmessige variasjonar i Alver kommune er det oppstått situasjonar der rettighetshavarar med store beiteskadar på jord- og skogbruk samtidig har liten moglegheit til å redusere hjortebestanden eller auke kjøttuttak til kompensering for skadane. Eit paradoks med at den hardt ramte jord/skogbrukar ikkje vil sleppe inn jegerar frå annestad i valda, som slitar med å ta sine dyr ut, på sin eigedom og hjortevald som ikkje vil omfordele løyver eller vil akseptere at tildelinga til dei enkelte grunneigarar/ jaktfeltområda med stor bestand og stort skadenivå skal ha fleire løyver enn områdar med tynn bestand. Ytterlegare har fleire hjortevald valt ikkje å gjere det mogleg for grunneigarar med høgt nivå av skadar å bruke fri kalv gjennom demokratisk prosess i hjortevalda/ grunneigarlag eller spesielle regler for når grunneigarar får gjere bruk av fri kalvuttak.

Forvaltning av ei felles naturressurs som hjort opplevast problematisk når dei som forvaltar ressursen ikkje også belastast av dei kostnader som viltbestanden årsaker.



Estimert kjøttverdi, Alver kommune 2020-2024 – Statskogs takster (Kalv 70kr/kg – Vaksen 90kr/kg)

Alternativ

Alternativet er å behalde kommunal målsetting frå 2021 slik den er i dag. Den kommunale målsetting for hjort frå 2021 var spesifikt målretta for å iverksette ekstraordinære, kortsiktige tiltak for å redusere bestanden, og var såleis eit innleiande, overordna dokument med behov for dynamisk tilpassing. Denne målsettinga kan moglegvis syte for ein reduksjon av bestanden, men inneheld ingen konkrete mål som styrar kva nivå bestanden skal ligge på for å ha eit berekraftig jord-, og skogbruk i kommunen. Det er heller ikkje framlagt konkrete vurderingar i forhold til naturmangfaldlova, og dette bryt med prinsippa i lovverket. Eit av hovudmåla i den opprinnelege målsettinga var å samle inn nok data og kunnskap for å kvantifisere, og derav justere målsettinga fortløpande. Gjennom monitoring har no kommunen samla inn tilstrekkeleg data av god nok kvalitet til å berekraftig tilpasse bestandsstørrelsen til lokalt skadenivå på jord og skogbruk og derav naturmangfald som proxy.

Kommunedirektøren si tilråding

Målsettinga skal optimere berekraft i den lokale forvaltning av hjort ved tilpassing av hjortepopulasjonen sin storleik utifrå fastsette toleranseverdier for skadar i landbruk og på natur samt ønskja utviklingsretning for disse.

Dei kommunale måla skal fungere som tydelege retningslinjer for jaktrettshavere som ønskjer å bidra i bestandsforvaltninga, og måla legg føringar for bestandsplanane utarbeida av jaktrettighetshavarne.

Kommunedirektøren vurderer at den nye målsettinga gjev ein balansert tilnærming til berekraftig forvaltning av hjort i kommunen. Tiltaka legg vekt på forbetra økologisk tilstand hos hjortebestanden, skogbruk, jordbruk, påkøyrslar og biologisk mangfald, og sikrar dermed ein meir berekraftig hjortebestand med lågare konfliktpotensial.

Basert på vurderingar tilrår kommunedirektøren at Alver kommune sender den reviderte målsettinga for hjorteforvaltning i perioden 2025-2030 på høyring.